

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kommuneplanen for Modalen, samfunnssdelen og arealdelen er utarbeidd i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Kommunen har gjort eit grundig arbeid ved utarbeidninga, og samstundes framstilt planen lettfatteleg og brukarvenleg. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen som eit godt styrings- og utviklingsreiskap for samfunnsutviklinga i kommunen. Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til planen.
2. Hordaland fylkeskommune tek atterhald om utbyggingsområda i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er oppfylt
3. Konsekvensutgreiinga er tilfredsstillande med omsyn til kulturminne.
4. Med omsyn til naustbygging på Nøttveit må ein ta særskild omsyn til det eksisterande sjøbruksmiljøet.